

Handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar



Gloppen
kommune



Innhald

1.	Bakgrunn og innleiing	2
2.	Aktuelle lover og forskrifter	2
3.	Definisjonar	3
4.	Omfang av vald og overgrep og sårbare grupper	5
4.1	Barn og unge.....	5
4.2	Eldre.....	6
4.3	Menneske med nedsett funksjonsevne.....	6
4.4	Personar med levekårsutfordringar og andre kulturar.....	7
4.5	Personar med utfordringar knytt til rus.....	7
5.	Handlingskort	8
6.	Tiltak internt i kommunen.....	8
6.1	Roller og tiltak i dei ulike tenestene i Gloppen.....	9
7.	Rolla til andre aktørar	14
7.1	Frivillige lag og organisasjoner	14
7.2	Politiet	15
7.3	Tannhelsetenesta	16
7.4	Krisesenteret	17
7.5	Familiekontoret	17
7.6	Andre aktørar si rolle i høve seksuelle overgrep	18
8.	Hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvar	19
8.1	Familiekontoret	19
8.2	Hjelpe- og behandlingstilbod for barn som utøver vald - BUP Nordfjord	19
9.	Vedlegg	21

1. Bakgrunn og innleiing

Retten til å leve eit liv utan vald er ein grunnleggande menneskerett. Regjeringa sitt fremste mål er å skape eit trygt samfunn for alle. Gjennom ulike planar og strategiar vert det fokusert på vald og overgrep i nære relasjonar. Det er sterke føringar for at kommunane skal utarbeide kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Kommunane skal ha beredskap, særleg i høve vald og overgrep i nære relasjonar, og seksuelle overgrep mot barn. Det kommunale tenesteapparatet har eit stort ansvar og er viktige aktørar når det gjeld å førebygge vald. ([Opptrapingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner \(2024–2028\) – Trygghet for alle](#))

Innhaldet i denne handlingsplanen rettar seg mot alle i Gloppen kommune som er utsett for vald og overgrep i nære relasjonar, mot dei som skal hjelpe den valdsutsette i ein vanskeleg situasjon, samt mot dei som er vitne til valden. Handlingsplanen peikar også på at valdsutøvar skal ha hjelp, ofte behandling, i høve si valdsåtferd. Handlingsplanen peikar på viktigheita av samhandling mellom fleire samarbeidspartar slik at hjelpeapparatet i kommunen kan yte effektiv hjelp. Handlingsplanen skal også vere ein reiskap både til konkret hjelp og som informasjon til alle innbyggjarar i kommune om rett til og moglekeit for hjelp.

Instansar som har bidrige til handlingsplanen er; innspel frå skule og barnehagar, Bu- og omsorgstenesta, Familiehuset, Miljøarbeidartenesta, heimetenesta, Busetting- og integreringstenesta, politiet, legetenesta, NAV, Familiekontoret i Nordfjord, Barne- og ungdomspsykiatrien i Nordfjord og Den offentlege tannhelsetenesta. Informasjon om andre instansar er innhenta frå internett.

Innhaldet i planen må sjåast i samanheng med [BTI- Betre tværfagleg innsats og Plan for forebyggande arbeid i Gloppen](#)

Avgrensingar

Handlingsplanen mot vald og overgrep i nære relasjonar er laga for alle innbyggjarar i Gloppen kommune. Alle kan vere utsett for slik vald, uavhengig av kjønn, alder, status eller bakgrunn. Handlingsplanen har *likevel* eit særleg blikk på enkelte sårbare grupper; barn og unge, eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og personar med levekårsutfordringar.

2. Aktuelle lover og forskrifter

Internasjonale føringar

Internasjonale konvensjonar og traktatar forpliktar Norge å innarbeide eit bestemt innhald i eige lovverk og sjå til at avtalane realiserast i politisk, sosial og juridisk praksis. Døme på konvensjonar som forpliktar Norge på området vald i nære relasjonar er kvinnekonvensjonen og barnekonvensjonen som er avtaleområde under FNs menneskerettserklæring frå 1948.

Nasjonale føringar

I handlingsplanar og utgreiingar legg myndighetene stor vekt på koordinering av ulike tenester sitt arbeid. Det er lagt fram fleire nasjonale handlingsplanar på området vald i nære relasjonar. I tillegg

kjem strategiar, offentlege utgreiingar og rettleiarar på ei rekke spesifikke område som ligg tett opp til eller kan inkluderast i temaområde vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep mot barn, valdtekst, tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

Aktuelle lover

Kommunane sitt tilbod til innbyggjarane er regulert gjennom ei rekke lover. Døme på lover som aktualiserer og grunngjев kommunen sin innsats på område vald i nære relasjonar er:

Lov om kommunale krisesenter tilbod

Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m

Lov om pasient- og brukarrettar

Lov om barnevern

Lov om psykisk helsevern

Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa

Lov om barnehager

Lov om helsepersonell


Forskrift om Kommunens helsefremmende og førebyggjande arbeid i helsestasjon- og skulehelsetenesta

3. Definisjonar

Vald: «Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smarter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil.» (Per Isdal, 2000)

Med nære relasjonar meiner vi: Familie, slekt og ulike personar som den utsette har tillit til.

Handlingsplanen omfattar ulike typar vald; fysisk vald, psykisk vald og seksuell vald. Nokre stader i handlingsplanen omtalar vi vald og overgrep saman. Omgrepet overgrep forsterkar og utdjupar definisjonen av vald som vi har valt å bruke.



Det finst mange ulike formar for vald ([nasjonal veiviser ved vold og overgrep](#)):

Fysisk vald: All vald som inneber fysisk kontakt; Spark, slag, lugging, biting, kloring, fasthaldning, risting, skubbing, kvelartak. Innesperring og isolasjon er også former for fysisk vald.

Psykisk vald: Bruk av ord og stemme som truger, skadar, krenkar eller kontrollerer andre. Å nedvurdere, vere likegyldig til og audmjuke andre er også former for psykisk vald. Døme er: «Eg skal drepe deg» «Du er ikkje verdt noko» «du er så stygg og feit at ingen kan vere glad i deg».

Materiell vald: Knusing, øydelegging og kasting av gjenstandar, slag i veggar og dører og liknande.

Seksuell vald: Alle former for seksuelle krenkingar. Døme: Handlingar eller forsøk på handlingar som inneber fysisk kontakt som berøring, beføling, slikking, suging, masturbasjon, samleieliknande handlingar, samleie og valdtekst. Handlingar eller forsøk på handlingar utan fysisk kontakt som seksualisert tilsnakk, blotting, fotografering, kikking og framvising av pornografi.

Økonomisk vald: Kontroll over andre sin økonomi, den eine partnaren nektast å ha kontroll over eigen eller felles økonomi.

Latent vald: Vald som «ligg i lufta», ei spesiell stemning før eller etter ein valdsepisode.

Oppdragarvald: Fysisk og psykisk straff som ein del av oppsedinga for å endre åtferda til barn og unge.

Strukturell vald: Ei form for vald der sosiale strukturar eller sosiale institusjonar skadar menneske gjennom å hindre at deira grunnleggande behov blir oppfylt.

Digital vald: Trugsmål eller trakassering via meldingar, overvaking og kontroll via mobiltelefon eller sosiale media. Stygge meldingar posta på nett. Inneber også trugsmål, trakassering og seksuelle overgrep som følgje av kontakt etablert på nett.

Negativ sosial kontroll: Med negativ sosial kontroll menes bruk av ulike former for overvåking, press, trusler og tvang for å sikre at den enkelte lever i tråd med familiens eller gruppens normer og verdier. Negativ sosial kontroll kjennetegnes ved at den enkelte fratas sin grunnleggende rett til å styre eget liv.

Tvangsekteskap: Det kalles tvangsekteskap når minst én av ektefellene ikke har hatt mulighet til å forblia ugift eller selv å velge partner og har samtykket til ekteskap etter sterkt press, trusler eller annen psykisk eller fysisk vold.

Kjønnslemllestelse: Kjønnslemllestelse er en fellesbetegnelse på ulike typer inngrep på jenter og kvinners ytre kjønnsdeler som utføres av kulturelle årsaker og uten medisinsk grunn. Inngrepene består i at kjønnslepper, klitoris og klitorisforhud helt eller delvis fjernes eller påføres varig skade.

Omsorgssvikt: Med omsorgssvikt menes mangel på handlingar eller feilaktige handlingar ved omsorg for barn og unge samt pleietrengende voksne. Fysiske behov og behov for stimulering, oppfølging og beskyttelse blir derved ikke ivaretatt.

4. Omfang av vald og overgrep og sårbare grupper

Statistikken syner at mange personar i Noreg lever i familiar der vald og overgrep skjer. Statistikken syner også at kvinner er mest utsett for vald. Kvinner er mest utsett for grov vald, ofte frå menn. Det er også kjent at menn er utsett for vald i nære relasjonar. Ein reknar med at mørketala er store, men at eit auka fokus på problema vil avdekke fleire valdssaker og dermed få ned mørketala.

Tal frå nasjonal statistikk syner omfang av problemet. [Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress](#)

4.1 Barn og unge

Barn kan verte utsett for vald og overgrep frå sine foreldre/omsorgspersonar, men også frå andre vaksne eller barn i familien. Å oppleve at foreldre/omsorgspersonar, søsken eller kjæledyr vert utsett for vald, er i tillegg ein del av barns valdserfaringar, og ei form for psykisk vald. Barn og unge kan også verte utsett for vald og overgrep frå andre, som storfamilie, vennar og kjærastar eller andre ungdomar, eller vaksne de møter i barnehage, skole eller i forbindelse med fritidsaktivitetar
[Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner \(2024–2028\)— Trygghet for alle](#)

Vald og overgrep påfører barna smerte og skader, og i nokre tilfelle skader som varer livet ut. Skader etter vald og overgrep i barndommen kan gje komplekse sjukdomsbilde og helseplager. Ingen symptom eller teikn er heilt eintydige for vald og overgrep, dei kan også ha andre moglege forklaringar. I nokre tilfelle viser barn ingen symptom i det heile.

De vanlegaste symptomata er åtferdsvanskar, emosjonelle problem og fysiske og psykosomatiske problem. Psykosomatiske problem kjenneteiknar kroppslege symptom og tilstandar der den medisinske utredninga ikkje finn fysisk forklaring. [Helsenorge](#) og <https://voldsveileder.nkts.no/>



4.2 Eldre

Vold mot eldre er eit alvorleg problem. Åstaden er ofte offerets eigen heim. Overgriparen er som regel nokon som står offeret nær. Den psykiske skaden kan i mange høve vere verre enn dei fysiske. Den kan vare i lang tid. Det kan vere vanskeleg for den eldre å melde overgrep. Dette gjeld sjølv når dei er livredde for gjerningspersonen.

Eldre som blir utsett for vald og overgrep kan få därleg sjølvbilde, angst og søvnproblem, problem med å konsentrasjon og därleg hukommelse, stort forbruk av medisinar og alkohol, fryktfølelse av skuld og skam, isolasjon, indre og ytre fysiske skader, därlegare livskvalitet og kortare levetid samanlikna med andre (politiet.no).



4.3 Menneske med nedsett funksjonsevne

Fleire faktorar kan forklare at menneske med nedsett funksjonsevne er sårbare. Ein betydeleg del av dei som har nedsett funksjonsevne, er i ein avhengighetssituasjon til overgripar og/eller er avhengig av offentlege tenester, assistanse og pleie. Slik avhengigkeit inneber betydeleg maktforskjell og difor også auka sårbarheit. Nokre bur på institusjon eller i bufellesskap og er utsett for overgrep frå andre bebuarar. Mange, særleg menneske med psykisk utviklingshemming, er også isolerte. Det kan difor vere vanskeleg for utanforståande å oppdage kva som skjer.

Mangefull kunnskap om grensesetting kan vere ei hindring med omsyn til å forstå og uttrykke at det har skjedd eit overgrep. Vedkomande si evne og moglegheit til å kommunisere kan også vere til hinder for å formidle kva som har skjedd og å bli forstått av andre. Til alvorlegare grad av psykisk utviklingshemming eit menneske har, til meir sårbar er vedkomande i fht å kunne beskytte seg mot vald og seksuelle overgrep. Ei rekke forskrarar og praktikarar hevdar i tillegg at menneske med psykisk

utviklingshemming ofte har eit så sterkt ønske om å vere «som folk flest» at dei eksempelvis heller vil finne seg i å bli dårleg behandla enn å avslutte en relasjon. [Nasjonal veiviser ved vold og overgrep](#)

4.4 Personar med levekårsutfordringar og andre kulturar

Studiar viser at personar med levekårsutfordringar er meir utsett for vald og overgrep enn andre. Alvorlege former for vald og overgrep førekjem hyppigare blant dei som er skilt eller separert, har lågare utdanning og dårlegare råd enn befolkninga ellers.

I nokre kulturar vil negativ sosial kontroll, tvangsekteskap, barneekteskap og kjønnslemlesting kunne førekomme og det er viktig å ha kunnskap om dette.

Indikasjonar som kan vække mistanke om at pasienten er utsett for negativ sosial kontroll eller tvangsekteskap/barneekteskap:

- pasienten gjev uttrykk for å være isolert og/eller kontrollert
- pasienten nemner familieproblem i ei bisetning
- psykiske problem som depresjon og angst
- pasienten blir følgt til avtaler med helsepersonell
- andre familiemedlemmer har inngått uønskt ekteskap
- synlege skader etter fysisk vald
- sjølvskading og/eller sjølvmordsforsøk
- spiseforstyrrelsar
- rusmiddelproblem
- uønskt graviditet

[Veileder for helse- og omsorgstjenestens arbeid med vold i nære relasjoner](#)

4.5 Personar med utfordringar knytt til rus

I [veilederen for helse- og omsorgstenestens arbeid med vold i nære relasjoner](#) vert høg bruk av alkohol og andre rusmidlar definert som ein individuell risiko for å utøve eller verte utsett for vald. Rusbelasta familiar kan ofte utvikle samspelproblem inkludert valdsbruk.

Rusavhengige er ei sårbar gruppe på grunn av sin livsførsel. I ei undersøking gjort av rusklientar i behandling rapporterte 57% av kvinnene at dei hadde blitt mishandla før behandlingsstart og 51% av mennene hadde mishandla sin kjæraste det siste året før behandlingsstart. Undersøkinga gjev ein indikasjon på dei store utfordringane desse gruppene har. Rusbruk og psykiske utfordringar opptrer ofte saman. Det dreiar seg ofte om eit svært komplisert samspel mellom ei rekke faktorar som genetisk sårbarheit, oppvekstforhold, livshendingar og sosiale faktorar som sosialt nettverk og fattigdom (ATV og Tyrilistiftelsen 2010).

5. Handlingskort

Det er utarbeidd to handlingskort (barn og vaksne) som gjev ei kort oversikt over kva ein skal sjå etter, tips til samtale, korleis handle og kven ein evt kan kontakte ved mistanke om vald og overgrep. Dette er hjelphemiddel som ein bør ha lett tilgjengeleg på kvar enkelt arbeidsplass. Handlingskorta ligg som vedlegg til planen.

6. Tiltak internt i kommunen

Eit av måla med handlingsplanen mot vald og overgrep i nære relasjonar er å auke medvit om tema blant tilsette. Auka medvit vil truleg føre til auka tal meldingar. Det er også eit mål å ha system for systematisk hjelp til offer av vald og vitne til vald og tilbod om behandling for utøvar av vald.

Hovudmålsetjinga er å førebygge, avdekke og hjelpe menneske som opplever vald og overgrep i nære relasjonar.

Alle tilsette som arbeider i skule, barnehage eller gjev helse- og omsorgstenester må levere politiattest ved tilsetting.

Alle tilsette i offentlege tenester som møter innbyggjarar som er eller har vore utsette for vald, har ansvar for å førebygge, avdekke og hjelpe. [Nasjonal statistikk på nasjonalt kunnskapssenter for vold og traumatisk stress](#) viser at få saker blir varsle, i høve tal faktiske tilfelle av vald og overgrep. Det er store mørketal. Dette tyder på at også offentleg tilsette vegrar seg for å melde frå. Vi må arbeide for å endre eigne og andre sine haldningar til det å melde frå. Å la vere å agere i saker der vi er vitne til eller får mistanke om at nokon er utsette for vald og overgrep, kan få svært alvorlege konsekvensar for den eller dei personane det gjeld.

Alvoret blir understreka ved at lova no gir rett til å dømme personar som bevisst unnlat å varsle om vald og overgrep i nære relasjonar.

Verkemiddel for å nå måla er m.a. auka kunnskap, samarbeid på alle nivå, førebygging og tidleg innsats.

Kunnskap

Vi treng auka og felles kunnskap om temaet, både innan offentlege tenester og privatpersonar/frivillige aktørar. Auka kunnskap om vald og overgrep vil rokke ved tabu. Det er viktig både for hjelpeapparatet, den som blir utsett for vald og den som utøvar vald. Nyare forsking [FHI - folkehelserapporten](#) viser mellom anna at det kan gjere stor skade for barn å vere vitne til vald/overgrep. Auka kunnskap om rettar og hjelpetiltak vil verke førebyggande.

Samarbeid

Det offentlege hjelpeapparatet er samansett av ulike tenester; Både kommunale, fylkeskommunale og statlege. Det er viktig at tenestene samarbeider, til beste for den enkelte som har blitt utsett for vald. Tenestene i kommunen samarbeider tverretatleg også i saker som gjeld vald i nære relasjonar til dømes Betre tverrfaglig innsats.

Dei offentlege tenestene i Gloppen kommune er avhengige av samarbeidet med innbyggjarane. Både privatpersonar, lag og organisasjonar må ta del i det førebyggjande arbeidet og melde vidare til det offentlege ved mistanke om vald og overgrep i nære relasjonar.

Førebygging og tidleg innsats

Førebygging av vald i nære relasjonar kan skje, både før valden oppstår og ved å stanse pågående vald. Dette kan hindre vidare valdskriminalitet, både innanfor det aktuelle forholdet og ved eventuelle seinare relasjonar valdsutøvaren måtte inngå i. Å stanse pågående vald vil minske risikoen for at barn som opplever vald i familien veks opp til sjølv å bli utsett for, eller utøvar av, vald og overgrep i nære relasjonar.

Primærforebyggande tiltak er meint å nå alle vaksne, eldre, barn, ungdomar og familiar. Dei skal hindre at problem oppstår i befolkninga. Sekundærforebyggande tiltak er retta mot risikogrupper som er særleg sårbare for å bli utsett for eller utøve vald og seksuelle overgrep. Tertiærforebyggande tiltak er meint å hindre eller begrense ei forverring av problem etter at problemet har manifestert seg [Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress](#)

6.1 Roller og tiltak i dei ulike tenestene i Gloppen

For å sikre og forankre arbeidet i forhold til vald og overgrep, må temaet settast jamleg på dagsorden i møter mellom sektorleiar og tenesteleiarar. På denne måten sikrar ein at alle tenester arbeider kontinuerleg med temaet og sikrar kunnskap om dette i tenestene.

Oppvekst

Barnehagane, skulane og SFO kan få informasjon om at born kan vere utsett for vald i familien ved at borna sjølv eller andre kjem med opplysningar. Dei vil også kunne få informasjon på grunnlag av personalet sine observasjonar. Tilsette i oppvekstsektoren tek del i born og unge sitt liv og vil gjennom det kunne få kunnskap om livssituasjonen til den einskilde.

Barnehage

Barnehagane arbeider forebyggjande og med tidleg innsats mot vald og overgrep. Temaet vert teke opp i oppstartsamtalar med nye foreldre og ved tilsetjing av nye medarbeidarar. Det er jamleg tema på personalmøte gjennom året og vert også løfta fram på det felles foreldremøtet om hausten. I tillegg vert BTI -arbeidet i kommunen gjort kjent, og temaet vert innarbeidd i årsplanen til barnehagen. Dette bidreg til forståing og samarbeid med heimane om tematikken på ein naturleg måte.

Barnehagane nyttar ulike og konkrete metodar og opplegg jamleg på storbarnavdeling for å førebyggje vald og overgrep. Døme på dette kan vere øving for personalet i samtalar med barn, temabasert arbeid som til dømes «Hjartesamling», og kurs samt samarbeid med Nok. og andre relevante instansar (Barnehagane i Gloppen).



Skule/ SFO

Skulane i Gloppen kommune jobbar førebyggande gjennom heile skuleåret. Dei har det som tema i årsplanen for dei ulike klassene og for dei tilsette. Dei tilsette har tema oppe på planleggingsdagane i august, ved oppstart av nytt skuleår. Tema varier alt etter kva kvar enkelt skule har behov for.

Klassene i Gloppen har dette fast som tema i 2. 4. 6. 8. 9. og 10.kl. Dette er i samarbeid med helsestasjon. Vidare har kvar klasse det i undervisning der LK 20 seier ein skal ha det. Kvar elev har minimum to utviklingssamtale med lærar i løpet av eit skuleår.

Verktøy som skulane nyttar i det førebyggjande arbeidet er mellom anna: *Jeg vet, Uke 6, Kroppen min eier jeg, Redd Barna*. Nok besøkjer alle 5.kl i Gloppen kommune. I tillegg til dette har helsejukepleiar faste dagar på dei ulike skulane og psykisk helsearbeidar kjem til skulane ved behov. (Gloppen skulen).

Kulturskulen

Dei tilsette i kulturskulen i Gloppen har dette oppe som tema på planleggingsdagar/ personalmøte i august. Kulturskulen driv ikkje med undervisning i dette tema til elevane. Elevane som går på kulturskulen er elevar i Gloppen skulen og får opplæring om tema på den aktuelle skulen dei går på (Kulturskulen i Gloppen).

Gloppen opplæringssenter

Gloppen opplæringssenter jobbar førebyggande og har det som tema i årsplanen for dei tilsette og for elevane. Dei tilsette har det fast på agendaen på planleggingsdag om hausten, samt med små drypp gjennom året. To tilsette har kurs i «prosjekt frihet». Det er dette opplæringsmateriellet dei nyttar i undervisning. Det er fast tema i faget samfunnskunnskap. Gloppen opplæringssenter samarbeider tett med busetjing og integrering i høve temaet (Gloppen opplæringssenter).

PPT

PPT sitt mandat er å støtte barnehage og skule i arbeidet med tidleg innsats, hjelpe til med kompetanse- og organisasjonsutvikling for at det ordinære tilbodet blir så inkluderande og godt

tilrettelagt som mogleg, og å utarbeide sakkunnige vurderingar der lova krev det. Dersom PPT kjem i situasjonar der barn/ungdom fortel om vald og overgrep, høyrer dei tilsette ut det som blir fortalt. Tenesta informerer barnet/ungdommen om at det dei fortel er så alvorleg at ein må gjere noko med det. Vidare tek PPT opp det ein har fått høyre med styrar/rektor i den aktuelle eininga. Deretter vurderer ein om meldeplikta til barnevernet er utløyst. Om nødvendig tek PPT kontakt med dei for å drøfte saka anonymt før ein sender melding (PPT i Gloppen).

Fysio/ ergoterapitenesta

Fysio/ergoterapitenesta har vald i nære relasjonar som eit fast tema på personalmøte minst ein gong i året, samt med små drypp innimellom ved behov. Tilsette brukar BTI modellen, og dersom ein har barn som fortel om vald i nære relasjonar eller har vaksne som fortel om vald i nære relasjonar handlar ein i tråd med denne modellen (Fysio/ ergo i Gloppen) .

Barnevernet

Barnevernet sitt ansvar og arbeidsoppgåver finn vi i «Barnevernloven». Lova sitt føremål er "å sikre at born og unge som lever under tilhøve som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, og å hjelpe til at born og unge får trygge oppvekstvilkår". Barneverntenesta kan også nyttast som rådgjevar i anonyme saker (Gloppen barnevern).

Psykisk helse

Psykisk helseteam gjev hjelp til personar i alle aldrar *som av ulike årsaker får utfordringar med den psykiske helsa. Døme på dette kan vere kroniske lidningar, akutte hendingar eller livskriser. Tiltak ein kan iverksette er mellom anna hjelp til meistring av daglelivet, støttesamtalar, råd og rettleiing, både til den sjuke og til pårørande.* Dei kan også yte bistand/rettleiing i høve kontakt med andre kommunale tenester (Psykisk helse i Gloppen).

Helsestasjon for born og ungdom


Helsestasjonane skal fremje god fysisk og psykisk helse i tillegg til å fremje gode sosiale og miljømessige forhold for born og unge mellom 0 og 20 år. Det er eit gratis lågterskeltilbod, etter eit fast program. Gloppen kommune har helsestasjon for ungdom som eit lågterskeltilbod ein ettermiddag i veka. Dette er eit tilbod der ungdom kan møte opp utan å ha bestilt time. Tilboden er gratis og helsejukepleier/ lege er til stades.

I skulane deltek skulehelsetenesta i undervisning på ulike klassesteg, med fokus på at born skal forstå kva vaksne og evt eldre ungdomar har lov til og ikkje lov til, og evt kva dei skal gjere om dei opplever vonde ting. I ungdomskulen har skulehelsetenesta i tillegg fokus på samliv og seksualitet, grenser og samtykke. Helsejukepleiarane har faste dagar på dei ulike skulane.

Helsestasjonen tilbyr foreldrerettleiingsprogramma Tryggleiksirkelen og ICDP (International Child development program). Begge desse programma er nyttige for vanlege familiar med vanlege utfordringar i samspelet med borna sine. Dei skal fremme ein god relasjon mellom foreldre og barn, og god psykologisk utvikling. Helsestasjonen ynskjer å støtte foreldreskapet, parforholdet og samspelet i familiane generelt, og har nært samarbeid med familiekontoret.

Trygghetssirkelen®

Foreldre som ivaretar barns behov



Helse og Velferd

Legetenesta - Fastlege/legevakt

Fastlegens rolle

Legetenesta er ein viktig instans både ved avdekking, kartlegging og vidare handtering av saker med vald i nære relasjonar. Tema vald må heile tida fokuserast på slik at fastlegen rutinemessig legg til rette for at pasienten vil ta opp vald og overgrep i nære relasjonar når det er aktuelt.

I vurderinga som lege gjer i høve melding til politiet, er det fleire omsyn å ta. Kva er konsekvensar ved å melde saka, og kva er konsekvensen ved å la vere å melde saka? Kva er dei ulike konsekvensane for offer, vitne, valdsutøvar?

Fastlegane har kurs og kompetanseheving i vald- og overgrepsproblematikk, og har samarbeid med blant anna overgrepsmottaket.

Legevakttenestas rolle

Når legevakta kjem inn i bildet er ofte valden allereie skjedd, og offer søker hjelp.

I samsvar med krav i akuttmedisinforskrifta, skal alle legevaksleger ha kurs og kompetanseheving i handtering av vald og overgrep.

Bu og omsorgstenesta

I Bu- og omsorgstenesta vert tema vald og truslar i nære relasjonar sett inn i årshjul for 2025.

Det vert lagt opp til at alle tilsette tek e-læringskurs i forkant av møte der dette temaet vert sett opp.

Heimetenesta

I heimetenestene skal vald og truslar i nære relasjonar inn som eit tema i årshjul. Det skal vere tema på personalmøte minst ein gong per år. Ein nyttar informasjon som ligg til nettsida til Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress: <https://voldsveileder.nkpts.no/innhold/vold-og-overgrep-mot-voksne-og-eldre/>. Det er eit mål at dei tilsette skal gjennomføre e-læringskurs om temaet. I tillegg vil ein i refleksjonslunsj gå igjennom og diskutere temaet med utgangspunkt i handlingsrettleiar for Gloppe kommune.

Miljøarbeidertenesta

Miljøarbeidertenesta arbeider med å iverksette den nasjonale rettleiaren «Gode helse og omsorgstenester for personer med utviklingshemming». I kapittel 5 i rettleiaren står det: «*Virksomhetsledere i helse- og omsorgstjenesten må sørge for at tjenesteyttere har kompetanse og bevissthet på forebygging, observasjon av tegn på vold og overgrep*».

Miljøarbeidartenesta hadde i september 2024 kurs for personalet om seksuell helse og overgrep. Det skal lagast ei rutine for kva teikn tilsette skal vere bevisst på, og korleis dei skal handtere mistanke om vald og overgrep. Tema vil bli tatt opp på personalmøte framover, og det vil også bli fokus på korleis ein kan forebygge vald og overgrep.

Miljøarbeidertenesta ynskjer også å gjennomføre kurs med brukarane i tenesta om tema seksuell helse og overgrep i løp av 2025.

Busetting og integrering

I tenesta busetting og integrering har ein fokus på å forebygge, avdekke og følge opp vald og overgrep i nære relasjonar. Det er tema på fagmøter i tenesta, dei tilsette har deltatt på ulike webinar og fleire tilsette er i gang med e-læringskurs som ligg på KS - læring. Tenesta har arrangert samling for tilsette i ulike tenester i Gloppe med dette som tema der ein hadde foredragshaldar frå IMDI. Det har også vore arrangert samlingar med tema negativ sosial kontroll. I dialog med brukargruppa er dette tema. Dersom ein avdekker saker, samarbeider ein både med politiet og andre instansar. Ein ser at ved å bygge gode relasjonar til brukargruppa vågar dei å fortelje og be om hjelp. Ein har det også som tema i "bustadskulen" for flyktningar slik at dei veit at dei kan snakke med oss eller andre instansar.

Ein nyttar nettressursar frå IMDI(NORA), Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress og RVTS(Regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforbygging).

NAV

NAV Nordfjord arbeider med personar over 18 år, som av ulike grunnar er sjuke, har utfordringar og/eller lever i utanforskap. En del av desse er i riskogrupper, har opplevd seksuelle overgrep, lever i relasjonar med vald eller har opplevd relasjonar med vald.

Tenesta samarbeider med ulike instansar som krisesenter, politi, barnevern (meldeplikt ved barn i familien) og gjev råd og rettleiing om ulike tilbod i forhold til vald/overgrep (tilbod om ulike hjelpelefonar, hjelpeinstansar).

Dei tilsette har oppfølging og samtalar med, samt gjev råd og rettleiing til personar som lever i relasjonar med vald eller som har opplevd relasjonar med vald. Dei tilsette i NAV har opplæring og føl NAV sine retningslinjer i dette arbeidet: [NAV-ansattes ansvar og plikter ved oppfølging av personer som er utsatt for vold i nære relasjoner eller menneskehandel](#)

Kriseteam

Kriseteamet er ein del av Gloppen kommune sin beredskap. Politi, lege eller AMK kan kontakte gruppa. Det er ulike fagpersonar i kriseteamet. Målet er å få god handtering av livstrugande og kritiske situasjonar og å redusere uheldige langtidsverknader.

7. Rolla til andre aktørar

Mange aktørar kan bli involvert i arbeidet mot vald og overgrep i nære relasjoner. Her kjem vi inn på dei ulike aktørane sin rolle i høve vald og overgrep.

Kommunen kjøper også tenester frå private aktørar både innan helse og oppvekst. Kommunen må då sikre at tilbydar av tenester har kunnskap og rutiner knytt til temaet vold og overgrep i nære relasjoner. som td aktivitetstilbod, BPA, alternativ opplæringsarena.

«Føre var» forum

Kommunen har eit rusfagleg forum med ansvar for å følge med på russituasjonen og føreslå tiltak. Rus heng alltid i hop med mange andre faktorar, derfor vil forumet framover få eit breiare mandat og nytt namn; «Føre var». Forumet er ei tverrfagleg gruppe som skal ha oversikt over faktorar som skapar og opprettheld sosial ulikskap og utanforskning. Forumet skal også ha oversikt over tiltak vi har for å møte dette, og å føreslå justeringar og tiltak i planverk og satsingar. «Føre var» forumet består av: kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef helse- og velferd, politiet, kommuneoverlege, barnevernsleiar, leiar for familiehuset, leier for psykisk helseteneste, ungdomslos, rådgjevar folkehelse, samt ein representant frå kvar av desse: helsestasjon, barneskulane, ungdomsskulane, Firda VGS, barnehagane og NAV. I 2025 vil ein forsøke å dele forumet i to, der det eine fokuserer på ungdom/vaksne og det andre på barn og foreldre.

7.1 Frivillige lag og organisasjoner

Lag og organisasjoner har eit rikt mangfold i Gloppen kommune. I alle bygder og grender er det møteplassar for ulike interesser. Laga består av eldsjeler som aktiviserer si bygd på ein eller annan måte. Små plassar er gjerne meir gjennomsiktige enn store samfunn. Ofte veit ein mykje om kvarandre på slike plassar, banda kan vere tette, det gjev ei utfordring samtidig er det er ein stor verdi om det profesjonelle apparatet klarer å bruke det på ein god måte. Vi må gje lag og organisasjoner kunnskap, verktøy og tryggleik i å vere støttespelar og melde desse sakene til rette instansar. Vi må gje kvart enkelt individ styrke, støtte og kunnskap til å gje melding til rette instansar. Vald og overgrep er svært alvorleg. Utfordringa og sakene må alltid takast hand om av det profesjonelle apparatet. Frivillige kan berre gje generell støtte til enkeltpersonar og ikkje gå inn i ulike faginstansar sine oppgåver.

Alle personar er etter lova pålagde å gje melding ved mistanke om alvorleg vald og overgrep, jf. Straffelova av 1902, § 139. Lova er innskjerpa når det gjeld plikt og ansvar for å melde alvorleg vald.

Kunnskapsbygging

For å få folk til å ta ansvar i alvorlege saker, er det viktig at ein legg stor vekt på god kunnskap og tryggleik i arbeidet. Nokre organisasjoner har eigne program om problemstillinga, til dømes Redd Barna og Røde Kors. Å nytte desse organisasjonane kan vere ein veg å gå for å få ut informasjon og kunnskap om vald og overgrep. På sentralt hald er det god kunnskap og kompetanse på feltet.

Ved at fleire får tilgang på fakta og hjelp til å bygge ned tersklane, vil avdekking skje.

7.2 Politiet

Politiet har mange oppgåver, mellom anna førebyggje og motverke kriminalitet, verne person og eigedom, yte hjelp og service i nødstilfelle og andre akutte situasjoner, og forfølgje straffbare forhold.

Politiet si etterforsking av vald og overgrep i nære relasjoner er ein del av etaten si verksemد for å redusere valdkriminalitet, som er eit prioritert saksområde. Politiet skal vurdere bruk av tiltak for å verne personar som er utsette for vald og overgrep (fornærma). Politiet samarbeider med andre etatar, institusjonar og organisasjonar som kan gje kvalifisert hjelp. Dette er krisesenter, legevakt, fastleggar, barnevern, advokatar, NAV med fleire. Alle tenester er gratis for fornærma.

Politiet jobbar førebyggande kring digital vald, der dei er ute på barne- og ungdomsskular og held føredrag om nettvett.

Vest politidistrikt har familievaldskoordinator i heil stilling.

Politiet har tiltak for å sikre tryggleiken

Ein kvar borgar har krav på eit liv utan vald eller truslar. Politiet kan sette i verk tiltak for å sikre tryggleiken til personar utsette for vald og for å hindre nye valdshandlingar. Tiltak er t.d.

tryggleiksalarm, kontaktforbod (besøksforbod), tryggleik for vitne o.a. Politiet vurderer tiltak og gir råd og rettleiing.

Melding og påtale

Ofte startar saka ved at personar utsette for vald, sjølv møter hos politiet og melder saka. I andre tilfelle kjem politiet til kunnskap om hendinga via andre eller i samband med eit politioppdrag. I saker som gjeld nære relasjoner er det ofte sterke band og kjensler mellom partane noko som kan gjøre det vanskeleg å melde forholdet. Nokre gonger kan det vere frykt for represaliar som er årsaka for å utelate melding. Erfaringa er at ein legg stor vekt på denne redsla. Melding medverkar til at terskelen for utøving av vald og overgrep vert høgre og effekten førebyggjande.

Vald og overgrep i nære relasjoner er undergjeve utbetringa offentleg påtale. Det vil seie at politiet på eige initiativ skal opprette melding grunna «allmenne omsyn», sjølv om fornærma ikkje ynskjer å melde saka og begjære tiltale og straff.

Ei melding er ofte starten på ei straffesak som fører til ytterlegare etterforsking, avhøyr med meir og som kan ende med rettsleg avgjersle som førelegg eller dom.

Tilsette i offentlege organ har meldeplikt til barnevernet. Opplysningar om vald og overgrep i nære relasjoner kan på den måten nå politiet. Likeins har dei meldeplikt til politiet etter straffelova av 1902 § 139 for å avverje nye straffbare handlingar, og rett til å melde saka, jf. forvaltningslova § 13b, 1. ledd nr. 6.

Bistandsadvokat

Den valdsutsette (fornærma) har i mange høve krav på offentleg oppnemnd bistandsadvokat (forsvarar) både under etterforskinga og under hovudforhandlinga. Politiet kan gje nærmere opplysningar om ordninga med bistandsadvokat.

Barnehuset – tilrettelagte avhøyr

Barnehuset er eit tilbod til barn og unge når det er mistanke om at dei kan ha blitt utsett for eller vore vitne til vald eller seksuelle overgrep. Målgruppa omfattar også vaksne med psykisk utviklingshemming, og unge under 18 år som kan ha vore utsett for tvangsekteskap.

Utgangspunktet for å kome til Barnehuset er ei melding til politiet. Politiet kan som ein del av etterforskinga velje å gjere eit avhøyr av den som har vore utsett. Politiet har eigen utdanna personale som tek avhør på Barnehuset.

For å senke terskelen for at det blir meldt frå om saker om vald og overgrep mot dei mest sårbare til politiet, er hovudregelen at tilrettelagte avhøyr på Barnehuset skal takast utan at mistenkte blir sikta eller varsla om det første avhøyret. Ofte organiserer politiet slik at avhøyr av mistenkte og barnet skjer på same tid. Målet for Barnehuset er å styrkje barn si rettssikkerheit og sørge for god ivaretaking av barn og familiar. Tanken bak eit Barnehus er at alle offentlege instansar skal kome **dit barnet er**, og ikkje omvendt.

Barnehuset tilbyr;

- Spisskompetanse på traume, seksuelle overgrep, vald og vitne til vald i nære relasjonar.
- Tilrettelegging av dommaravhøyr og medisinske undersøkingar i barnevennlege omgjevnadar.
- Koordinering av det tverrfaglege samarbeidet.
- Korttidsterapi, oppfølging og behandling.
- Støtte og rettleiing til barn og pårørande.
- Rådgjeving og konsultasjon til offentlege aktørar og privatpersonar.

Gloppen kommune høyrer til Barnehuset som ligg i Førde, som ei underavdeling av Bergen.

7.3 Tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta samarbeider med barneverntenesta med det mål å kunne avdekke omsorgssvikt og overgrep mot barn og unge i aldersgruppa 0 – 18 år. Barneverntenesta og tannhelsetenesta i Gloppen har årlege samarbeidsmøte.

Alle barn mellom 3 og 18 år blir regelmessig kalla inn til tannklinikken for å sjekke tenner og munnhole, og her vil ein også sjå hovud og halsområdet i godt lys. Dersom barn og unge kjem til tannklinikken med traume mot tenner eller kjeve og evt skadar, vil det bli tatt kliniske blidder av skaden i tillegg til røntgenbilde. Registrering av skaden, samt opplysningar om kva som har skjedd bli bli journalført.

Tannhelsetenesta har plikt til å kontakte barneverntenesta ved mistanke om omsorgssvikt og/eller overgrep. Barneverntenesta kan også hente inn informasjon frå tannhelsetenesta (Nordfjord tannhelseområdet/ Sandane tannklinikkk).

7.4 Krisesenteret

Kriesenteret i Sogn og Fjordane er ei privat stifting som gjev lovpålagte tenester til alle kommunane i gamle Sogn og Fjordane. Kommunane finansierer drifta. Kinn kommune er vertskommune og senteret er lokalisert i Florø og har 12 tilsette.

Oppgåvene til kriesenteret:

- Gje personar som er utsette for vald og overgrep eller trugsmål om vald i nære relasjoner, støtte, rettleiing og hjelp til å ta kontakt med andre delar av tenesteapparatet.
- Tilbodet skal omfatte kvinner, menn og barn
- Gje gratis, trygt, mellombels butilbod heile døgnet og heile året.
- Gratis dagtilbod (for råd og rettleiing).
- Tilbod om råd og rettleiing på telefon heile døgnet og heile året.
- Oppfølging i rehabiliteringsfasen.

Kriesenteret er meint å ha sin viktigaste funksjon i ein overgangsfase før det ordinære hjelpeapparat med sine tiltak tek over oppfølginga.

Alle som er utsett for vald eller trugsmål i nære relasjoner kan sjølv ta kontakt direkte med kriesenteret heile døgnet. Kontakt kan også bli formidla via hjelpeapparatet.



7.5 Familiekontoret

Familiekontoret kan vere ein god samtalepartner for valdsutsette, som treng å snakke med nokon. Både dersom ein er usikker på om det ein opplever i nære relasjoner er vald, eller om det er klinkande klart at partner eller andre har gått over grensene for kva som er akseptabel åtferd. www.dinutvei.no gjev god rettleiing for menneske som lever med vald, eller lurer på om dei lever med vald.

Familiekontoret er ei gratis teneste, der dei tilsette har teieplikt, og samtidig har kompetanse til å rettleie deg vidare i saka, både ift behandling, kontakt med politi eller veil om framgangsmåten ved samlivsbrot.

7.6 Andre aktørar si rolle i høve seksuelle overgrep

Overgrepsmottak

Spesialisthelsetenesta har ansvar for oppfølging/ kartlegging i akuttfasen av personar som har vore utsett for seksuelle overgrep og som er over 16 år. Sentralsjukehuset i Førde samarbeider med SYS IKL sitt overgrepsmottak i Førde om dette.

Kommunane har ansvar for andre type valdssaker i nære relasjonar. Gloppen kommune har avtale om oppfølging av personar som opplever vald i nære relasjonar med SYS IKL sitt overgrepsmottak i Førde.

Overgrepsmottaket tilbyr samtale, undersøking, prøvetaking, sporsikring og behandling ved seksuelle overgrep og for dei som har vert utsett for vald i nære relasjonar.

RVTS Ressurssenter om vold, traumatiske stress og selvmordsforebygging (RVTS Vest)

RVTS er ein samarbeidspartner for tenestene i region vest innan sjølvmordsførebygging og sjølvskading, flyktinghelse og tvungen migrasjon, vald og seksuelle overgrep samt kriser og psykososial beredskap.

Dei tilbyr spisskompetanse innan ovannemnde tema:

- Faste eller tilpassa opplæringsprogram
- Rådgjeving i enkeltsaker
- Rettleiing i gruppe
- Møteplassar for fagutveksling
- Nettressursar

Tilsette i kommunen kan ta direkte kontakt med RVTS sine konsultasjonsteam for anonym drøfting av saker.

Nok

For personar som har vore utsette for incest og seksuelle overgrep, er Nok. Sogn og Fjordane i Førde, eit tilbod for samtalehjelp og oppfølging. Nok. Sogn og Fjordane er ei privatstifting finansiert av tilskot frå stat og kommune.

Nok. er eit tverrfagleg lågterskel og gratis hjelpetilbod til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande. Dei er og ein fagressurs som tilbyr rettleiing og undervisning til skuleklassar, lærarar, barnehagertilsette, helsepersonell og andre fagpersonar om tema som omhandlar seksuelle overgrep.

8. Hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvar

8.1 Familiekontoret

Alle har rett til å leve eit liv utan vald og overgrep. Det siste tiåret har det i aukande grad blitt retta merksemd mot hjelpe og behandling til den som utøver valden. God hjelpe til valdsutøvarar, i tillegg til eventuelle strafferettslege verkemiddel, er naudsynt i eit førebyggande perspektiv. Hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvar er ein del av den heilsakplege innsatsen i arbeidet mot vald og overgrep i nære relasjonar.

Hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvar er styrka dei siste åra. Nasjonalt har Alternativ til vald (ATV) ei sentral rolle i dette tilbodet. Dessverre har ikkje ATV tilgjengeleg tilbod i Sogn og Fjordane. Det har i periodar eksistert behandlingstilbod i regi av Helse Førde der ein har nytta sinnemeistringsmodellen som er utvikla ved St. Olavs hospital, avdeling Brøset (Brøsetmodellen). Vidare vert det kontinuerleg tilbydd individuelle opplegg ved Bufetat sine familievernkontor lokalisert i Førde, Sogndal og Nordfjord. Ved alle familiekontora i Sogn og Fjordane har ein terapeutar som har fått særleg opplæring i modellen: Enkel og Effektiv aggressjonskontroll, utvikla av Per Isdal som er fagleg leiar i ATV. Tilboden EEA er nok likevel ikkje aktuelt i dei meir alvorlege valdssakene, då kan det vere aktuelt å søkje behandling ved ATV i Bergen. Metoden "Litt Sint" utvikla av Steinar Sunde, Familiekontoret i Molde, er også tilgjengeleg i APP - og via nett, og kan vere til god hjelpe for foreldre i regulering av "kvardags-sinne", fokus på korleis møte barn utan å la sinne ta overhand. Reform – ressurscenter for menn har også gode tilbod til menn utsett for vald, informasjon om tilboden er tilgjengeleg digitalt.

Dagens hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvarar omfattar både gruppebaserte tilnærmingar og individuelle samtaler gjennom ulike behandlingsmetodar. Det er samarbeid mellom dei ulike aktørane på feltet. Familiekontoret i Nordfjord har ikke gruppertilbod, men tilbyr som nemnt ovanfor individuelt og parbasert arbeid ved vald/ sinne, der alvorsgrada ift vald ikkje er for høg. Når valdsutøvar får eit terapeutisk tilbod, er det viktig at også den valdsutsette og eventuelle barn får tilbod om oppfølging. Saker med alvorleg vald er utfordrande og krev god erfaring og kompetanse om vald i nære relasjonar og sikkerheitsarbeid i familievaldssakar. Dei regionale ressurscentera om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (RVTS), bidrar med metodeutvikling og kompetansespreiing. Det er også viktig at behandlingsapparatet og politiet har eit nært og forpliktande samarbeid.

8.2 Hjelpe- og behandlingstilbod for barn som utøver vald - BUP Nordfjord

Eit viktig tiltak for å førebygge vald, samt å avgrense dei negative konsekvensane av valden, er å tilby psykologisk behandling til både offera for, og utøvarar av, vald og seksuelle overgrep. For at barn eller ungdom som utøver vald, skal klare å ta imot hjelpe og jobbe med sine eigne vanskar, er det enkelte vilkår som først må på plass. Det er avgjerande at dei har ein stabil heimesituasjon, ein god skulekvardag og ei meiningsfylt fritid. Det kan vere naudsynt med ulike typar tiltak for å sørge for ein slik stabilitet, til dømes meir bistand, ressursar og rettleiing til foreldre. Det er også viktig å ha eit

fokus på «tole» barnet/ungdommen på alle arenaer han eller ho er; dette er særskilt viktig i skulen. Uansett åtferd som barnet viser, vil det vere viktig ikkje berre å setje grenser for åtferda, men også å spegle tilbake til barnet at ein likar barnet og ser det positive barnet gjer. Dette vil trekke barnet i positiv lei. Ein moralisk, korrigerande veremåte hjå den vaksne vil kunne skape motstand i barnet, føre til at det stengjer av for den vaksne og den negativ åtferda kan bli forsterka.

På BUP Nordfjord vil barn eller ungdom som utøver vald få eit tilbod om kartlegging og behandling. Det er viktig å gje ei individuelt tilpassa behandling ut i frå kva kvart enkelt barn treng, og det vil såleis vere viktig at BUP gjer ei grundig utgreiing og kjem fram til ei god forståing av barnet. Enkelte har andre grunnlidingar, som kanskje må behandlast først. Behandlinga vil såleis vere skreddarsydd til det enkelte barn sine behov og kan vere samansett av individualterapi, foreldrerettleiing, familieterapi, systemarbeid eller kombinasjonar av desse behandlingsformene.

Viktige element i behandling av barn som utøver vald, vil vere samarbeid og tilrettelegging mellom alle involverte parter, frå skule, via barneverneneste, til BUP. Eit effektivt og konstruktivt samarbeid med alle instansar er heilt avgjerande i desse krevjande sakene. Alle tiltak bør utgå frå dette "samrådet", der også foreldre kan vere med.

Det er også viktig at alle hjelparar har god nok kompetanse i høve til kva som kan ligge bak valdsutøvinga, og at ein finn fram til ei felles forståing av barnet sine vanskar og kva som ligg til grunn for valden.

Det kan vere behov for valdsrisikovurdering, eller AIM3-vurdering ved problematisk eller skadeleg seksuell åtferd (PSA/SSA), noko som BUP Nordfjord har kompetanse til å gjere. I mange saker der barn utøver vald vil det vere naudsynt og nyttig at ein utarbeider tryggleiksplana/ kriseplanar.

I mange tilfelle med barn/ungdom som utøver vald, vil ikkje barnet sjølv ønske behandling, men det er andre rundt barnet som «eig» problemet. Dette kan gjøre det ekstra utfordrande å gje nyttig helsehjelp. Behandling av barn som utøver vald vil generelt krevje mykje tid og ressursar. Det vil vere naudsynt å halde mange tiltak i gang over tid, og det er viktig at ein ikkje avsluttar tiltak for raskt.

Barn eller ungdom som blir utsett for vald og overgrep, kan oppleve mange plager i etterkant av det, slik som angst, depresjon, søvnvanskar, konsentrasjonsvanskar eller anna. Dei kan ha behov for behandling om plagene ikkje går over. I slike tilfelle vil BUP gjennomføre ei standard utgreiing, inkludert kartleggingar retta mot traumatiseringsreaksjonar. Dersom ein finn at barnet eller ungdommen sine plager, er knytt til opplevde traume, kan BUP tilby traumebehandling tilpassa alder og behov. Viktige element i traumebehandling er trygging, stabilisering, auke innsikt i samanhengar rundt eigne plager, hjelp til å regulere stress og dempe angst, bearbeiding av traumeerfaringane, og å lære verktøy for å takle triggjarar og angst i kvardagen. BUP kan også rettleie foreldre, og samarbeide med skule og andre kommunale instansar.

9. Vedlegg

- Prosedyre/handlingskort for valds- og overgrepssaker – barn og unge
 - Prosedyre/handlingskort for valds- og overgrepssaker – voksne